



Møte med Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Selje kommune

Måndag 19.10.2009 hadde Aardalens Venner eit møte med Fylkesmannen, Høgskulen og kommunen i Selje. Til stades var Johannes Anonby (frå miljøvernavingdelinga til fylkesmannen), Truls Hansen Folkestad (landbruksavingdelinga til fylkesmannen, Ingvild Austad frå Høgskulen, Kristan Nave frå landbruksetaten i kommunen, og Kaare Aardal og Jan Hammersvik frå Aardalens Venner. Fylkeskommunen (ved kulturavingdelinga) kunne ikkje møte.

Møtet var komme i stand etter ynskje frå m.a. Aardalens Venner. Arbeidet vårt er heilt avhengig av at vi blir tilgodesett med offentleg stønad også vidare. Utan midlar vil vi ikkje greie å halde vedlike bygningane, og dei er vesentlege for Årdalen som kulturminne. Elles er Årdalen ein del av området Hoddevik – Liset i den nasjonale planen for utvalde kulturlandskap (totalt 20 områder i Norge).

Utgangspunktet er utfordringane som Aardalens Venner har i høve til vidare restaurerings- og skjøtselstiltak på bygningar, landskapselement og areal i Årdalen. Arbeidet framover blir kostnads-krevjande, og kan umuleg realiserast utan økonomisk støtte. Tidlegare har Aardalens Venner fått støtte både frå SMIL og fylkeskommunen, men det er førebels ikkje meir støtte å hente her. Kulturminnefondet har vi ikkje komme i inngrep mot.

Alle instansar er einige om at området har høg status som ein positiv ressurs for kommunen og lokalbefolkninga. Aardalens Venner har likevel måtta gje klar beskjed om at fylkesmannen og fylkeskommunen må vere med på laget om framtida til Årdalen skal sikrast. Fylkeskommunen har tidlegare vore positive til oppfølging med synfaring og verdivurderingar, utan at noko konkret har skjedd til no.

Aardalens Venner har som føremål å arbeide med restaurering og vedlikehald av bygningsmiljøet og områda rundt. Vi ynskjer også å vere ein del av prosjektet «Utvalde kulturlandskap i jordbruket». Men dette føreset at det fylgjer midlar til å dekkje til dømes transport av material, innleige av kvalifisert arbeidskraft og eksperthjelp til verdivurdering etc. Om vi får tilskot for å drive landskapskjøtsel etter godkjent plan, vil også desse midlane bli brukte til restaurerings-/vedlikehaldstiltak.

Vi har medverka til ein del kulturarrangement i Årdalen for å gjere befolkninga merksam på kva verdier området har, kva arbeid som vert lagt ned for å ta vare på området, og kva planer vi har. På sikt kan det vere aktuelt med arrangement som til dømes organisert omvisning, tur- og undervisningsmål for skule og anna.

Konkrete tiltak så langt har i hovudsak vore retta mot å redde verdier i bygningsmiljøet. Endå står det att mykje arbeid, både på våningshuset og kårhuset. I tillegg har vi arealskjøtselen. Det hastar å få bistand frå fagfolk, slik at vi får eit godt grunnlag for vidare søknadsprosessar. Vi meiner det er viktig å inkludere Rydjejorda i dette, fordi Rydjejorda kanskje har enno eldre historie enn Årdal.

Fylkesmannen uttrykte ynskje om at Aardalens Venner må få naudsynt eksperthjelp til verdivurdering av bygningsmiljøet, og til å utarbeide kostnadsoverslag for framtidige tiltak. Dette kan i sin tur gje grunnlag for ny søknad til kommunen om SMIL-midlar, men også for søknad til Kulturminnefondet. Fylkeskommunen vart som antikvarisk myndigheit utfordra til å gje støtte til Aardalens Venner.

Fylkesmannen kan stille midlar til rådvelde til denne prosessen, og også føre ein direkte dialog med Selje kommune om øyremerking av SMIL-midlar til tiltaka.

Fylkesmannen peika på at den økonomiske ramma for prosjektet «Utvalde kulturlandskap» er avgrensa, og at det såleis kan vere vanskeleg å prioritere større summer til restaureringstiltak før ramma blir vesentleg større. I starten må det fokuserast på å bruke midlane til skjøtselstiltak. Det kan vere aktuelt å inngå avtale om skjøtsel og beiting av areala i Årdalen frå og med i år.

Fylkesmannen ynkste at Årdalen og resten av det utvalde kulturlandskapet Hoddevik – Liset skal få velfortent merksemd, og vil arbeide for å få på plass arrangement i området neste år i lag med kommunen og grunneigarar m.fl. i området.

31.10.2009

th